



Marit Aase

Referansar:
Dykkar:
Vår: 19/1246 - 19/9047

Saksbehandlar:
Katrine Bjordal Midttun
katrine.bjordal.midttun@radoy.kommune.no

Dato:
05.06.2019

Byggesak Gbnr 64/24 Haugstad - oppføring av pipe - mellombels svar og trong for tilleggsdokumentasjon

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om installering av vedomn på gnr. 64 bnr. 24, Haugstad, 27.05.2019.

Mottakskontroll:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Søknaden inneheldt for lite opplysningar til at den kan handsamast.

- Søknaden inneheld ikkje situasjonsplan.
- Vedlagte teikningar er ikkje tilstrekkeleg. Teikningane må vere av ei slik kvalitet at kommunen har høve til å vurdere omsøkte tiltak.
- Tiltak som omfattar pipe er tiltak med krav om ansvarsrett, jf. pbl. § 20-3.

Kommunen tilrår at dykk tar kontakt med eit ansvarleg føretak som kan bistå i saka.

Dersom du har spørsmål i saka kontakt jurist byggesak Katrine Bjordal Midttun.

Med helsing

Silje Haukedal
konst. leiar teknisk forvaltning

Katrine Bjordal Midttun
jurist byggesak

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Marit Aase